


## NOTAT


### ENDRET Plassering av regulert busshaldeplass, Liarinden bustadområde.

#### Bakgrunn:


Reguleringsplan for Liarinden bustadfelt, Masfjorden kommune vart godkjent i 2013. Sida den gong har grunneigar forhandla med utbyggjarar og kommune for å setje prosjektet i gong. Det ligg rekkefølgekrav på utbygging av busshaldeplassane i planen i føresegnene § 2.3.5. Den seier: «Det vert ikkje gjeve byggeløyve til meir enn tre bustader føre busshaldeplassar og tilkomst til desse er ferdig opparbeidd og godkjent av kommunen og vegmynde.» Grunneigar har til hensikt å byggje ut etter desse rekkefølgekrava, men fann at lokaliseringa av den vestgåande haldeplassen burde flyttast i høve til reguleringsplanen.



Alt. 0 vedteke reguleringsplan



Alt. 1 forskyving av kryssområde



Alt. 2 flytting av vestgåande haldeplass

#### Gjennomføring

Regulert haldeplass kryssar eigedomsgrensa for utbyggingsområde. Det vil vere betydeleg sikrare for gjennomføringa om ein finn ei løysing der haldeplassen ligg innanfor eigedomen som skal byggjast ut. Dette er ivaretatt i alt. 1 og 2. (sjå òg anleggsperiode)

#### Terrengingrep

Regulert haldeplass ligg i eit bratt fjellparti. Det vil vere betydeleg terrengingrep, og omfattande fjellsikringstiltak knytt til opparbeiding av haldeplassen som regulert.

#### Ard arealplan

## Anleggsperiode

Anleggsarbeid på regulert haldeplass vil medføre stenging av veg pga. sprenging og store uttak av massar. Det vil vere betydeleg enklare gjennomføring og trafikkavvikling i eit anleggsarbeid lengre sør slik alt. 1 og 2 syner. Det har i 2020 kome fram semje med Statens vegvesen om å endre til alternativ 2.

## Mjuge trafikantar


Både alternativ 0 og 1 er utforma slik at dei gjev kryssing bak buss. Alt. 2 vil gje kryssing føre buss i motsett retning, men med kryssing bak bussen ei kjem ut frå. Alternativ 2 inneber òg at haldeplassane i begge retningar ligg nærare målpunkta - altså bustadfeltet. Kryssinga vi òg skje lengre frå krysset til bustadfeltet med ei parallell løysing. Alternativ 2 er difor det beste alternativet og det alternativet ein no er samd om.

Side | 2

## Trafikktryggleik

Hovudårsaka til regulert løysing ligg i prinsippet om at haldeplassane vert utforma slik at kryssing av vegen skjer bak bussen. Handbok V123 (Kollektivhandboka, 2014) syner ikkje dette prinsippet, men N100 kap. E.3.1 seier at haldeplassar anbefalast plassert etter kryss. Parallele haldeplassar (alt. 2) i dette tilfellet vil i særleg liten grad gje kryssing føre bussar. Frisikt ved haldeplassar er i same kapittel omtala, og det skal sikrast sikt bakover frå bussen sin spegel i ein lengde lik 1,2 gongar stoppsikt. Dvs.  $1,2 \times 105\text{m} = 126\text{m}$ . I alternativ 2 er avstand frå bussoppstilling og til søre del av plangrensa ca. 126m. Dvs. det er truleg fri sikt for køyrande frå sør til å sjå bussar på oppstilling, men truleg ikkje fri sikt for bussjåfør til å sjå 126m bak i spegel då sikta ikkje er i rett line bakover, men om lag 85m. Sjå figur t.h.

Vegen har ein ÅDT på 450, noko som er svært lite sette i høve til standarden for haldeplassane. Handbok V123 frå november 2014 anbefalar anten kantstopp eller busslomme for vegar med  $< 1500$  ÅDT og fart på 80 km/t, noko som tilseier at fråvik frå kravet om frisikt på 126m, ikkje kan vege tungt då ein i prinsippet kunne bygd kantstopp. Det vil imidlertid ikkje vere å anbefale her, da vegen er smal og forbikøyringar av buss på kantstopp vil skape farlege situasjonar i krysset og for møtande trafikk. Det ligg òg føre planar om kryssing av Mjangersvågen med bru, slik at vegen på sikt ikkje vil få auka trafikkbelastning, men ein sterkt reduksjon ved realisering av bru.



## Konklusjon

Vi meinte at alt. 2 kan vurderast som tilfredstillande løysing for busshaldeplass, og for å oppfylle rekkefølgekrava i reguleringsplanen, noko Statens vegvesen no er samd i.

Ard arealplan

Kari Johannesen  
Dagleg leiar ·  
Tlf. 958 32 614

Ard arealplan

Nygårdsgaten 114 • 5008 Bergen • +47 55 31 95 00 • [post@ardarealplan.no](mailto:post@ardarealplan.no) • [www.ardarealplan.no](http://www.ardarealplan.no)